

NAUSTDAL KOMMUNE

MØTEBOK

SAK NR.: **Utval:** **NAUSTDAL KOMMUNESTYRE**

20/2004 **Sakshands:** **HENRY RANESTAD**

KOMITE FOR LANDBRUK, TEKNIKK OG MILJØ	Møtedato: 13.05.2004	Sak nr.: 8/2004
Jour.nr: 2004/1058	Arkivnr: V04	Møtt: 5 av 5 Mappe:
Sakshandsamar: HR		Avgj. av: K

NAUSTDAL KOMMUNESTYRE	Møtedato: 17.06.2004	Sak nr.: 20/2004
Jour.nr: 2004/1058	Arkivnr: V04	Møtt: 21 av 21 Mappe:
Sakshandsamar: HR		Avgj. av: K

NOU 2003: 26. OM ODELS- OG ÅSETERETTEN. HØYRING

Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå LD datert 13.11.2003
2. NOU 2003: 26, utvalde utdrag

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

- NOU 2003: 26, komplett
- www.odin.dep.no/ld
- Div. uttaler frå andre, ma. fylkeslandbruksstyret i Aust-Agder
- Gjeldande odelslov (Lov 1974-06-28 nr. 58)

Saksopplysningar:

Odelslovsutvalet vart oppretta i 2001 med eit opphavsleg mandat om å evaluere verknaden og kome med framlegg til endringar av Odelslova. Ved brev av 02.04.03 ga statsråd Lars Sponheim utvalet eit utvida mandat: Dei skulle vurdere om Odelslova (med unntak av åseteretten) skulle bestå eller avskaffast. Om mandat, sjå vedl. 2, kap. 1., pkt. 1.2.1 og 1.2.2.

Utvalet kjem med konkrete framlegg til lovendringar, men dei er på fleire punkt delt i eit fleirtal og eit mindretal (jfr. kap. 2 - Sammenfatning):

1. Fleirtalet vil auke arealkravet for odelsjord, slik at grensa no vert 50 daa dyrka jord (1000 daa produktiv skog). Mindretalet går for grense ved 30 daa (noverande grense er 20 daa / 100 daa skog).
2. Eit mindretal vil redusere odelskrinsen, slik at berre barn av foreldre som har eigd egedomen med odelsrett, vert odelsberettiga.
3. Utvalet er likt delt i spørsmålet om bu- og driveplikta framleis skal heimlast i Odelslova, eller berre heimlast i Konesjonslova.

I spørsmålet om odelsrettsinstituttet framleis skal bestå, meiner eit fleirtal ja.

Etter høyringsperioden må ein legge til grunn at ny lov/lovending vert utarbeidd og lagt fram for Stortinget. Det kjem altså ikkje fleire høyringsrundar til kommunane enn denne.

Høyringsbrevet oppgje ei internettadresse. På denne kan ein søkje seg fram i NOU`en, samt lese høyringsuttaler etter kvart som dei kjem inn.

Vurdering:

I det følgjande har rådmannen forsøkt gjort vurderingar av dei mest sentrale punkta, spesielt knytt opp mot aktuelle forhold i landbruket i vårt distrikt.

Generelt:

Odelslova treng utvilsamt ei modernisering og tilpassing til anna lovverk. Odelslovsaker har, i vår kommune som elles i landet, ofte vore tunge og konfliktfylte. Kor vidt lovverket er til gagn eller ulempe for utvikling i landbruksnæringa og busetjinga vil variere med lokale tilhøve, så som etterspurnad etter landbrukseigedomar, bruksstruktur, verdi som buplass, press for å erverve fritidseigedom osv.

Tunge prosessar med komplisert lovverk har også ein økonomisk og administrativ verknad for kommunane, som forvaltalar av lovverket. Forenklingar og klarare definerte grenser/vilkår vil i så måte vere av det gode.

Odelsrett eller ikkje?

Odelsretten, i ulike variantar, har eksistert i over 1000 år, og har vore diskutert like lenge. Argument til fordel for retten i nyare tid har vore: Betre landbruk (sjølveigande brukar bygger opp for etterslekta), held oppe busetjing i distrikta og likestiller kjønna. Negative argument er at retten er ekskluderande, den hindrar nyrekruttering i landbruket, den held prisnivået på gardsbruka kunstig nede, og den skaper konflikstar.

Rådmannen tilrår at Naustdal kommune sluttar seg til fleirtalet i utvalet, fordi ein ser fleire fordelar enn ulemper med odelsretten.

Odelseigedom (arealgrenser):

Ein auke frå gjeldande 20 daa dyrka jord til 50 daa (frå 100 daa til 1000 daa for skog) er drastisk for vår bruksstruktur. Ved jordbruksteljingane i 1999 var 33 av 196 bruk i drift mindre enn 50 daa i vår kommune. Og dei fleste av bruka som ikkje er i drift vil kome under grensa. Berre 5 eigedomar i kommunen har over 1000 daa i produktivt skogareal.

Korleis verknadane av ei slik omlegging vil bli i vårt distrikt er usikkert. Scenario 1: Mange odelsfrie småbruk vil rekruttere inn fleire interesserte landbrukarar, som ser på det å bu på landsbygda og drive småskala landbruk som det gode liv. Auka busetnad av familiar i grendene. Scenario 2: Prisen på småbruk vil auke og omsetning av småbruk til fritidseigedomar vil auke (føresett at kommunen ikkje innfører lågare konsesjonsgrense (grense for buplikt). Mange bruk får utanbygds eigarar og fast busetnad minker. Konflikter med bruk i drift kan oppstå.

Samla vurdert meiner rådmannen at mindretalets tilråding på 30 daa er mest passende i vårt distrikt. Arealgrensa for skog bør setjast på 500 daa, m.a. grunna høg produksjonsevne.

Odelskrinsen:

Ein reduksjon i samsvar med mindretalet i utvalet (berre barn av eigande foreldre med odelsrett er odelsberettiga) vil forenkle monaleg. Men dette fører til at andre slektningar ved omsetning av eigedomen må "konkurrere" med andre konsesjonssøklarar. Rådmannen gje ikkje noko bestemt tilråding om dette forholdet.

Odelsløysing:

Utvalet gjer framlegg om at løysingsfristen vert redusert frå noverande 1 år til 6 mndr. Det ligg også føre framlegg om at ved omsetning av eigedom så skal dei med odelsrett få ein 2 månads frist til å melde frå om dei vil tre inn som eigarar.

Rådmannen meiner det er svært positivt med kort frist for løysingsrett. Ideelt bør slike forhold avklarast endeleg før eigarskifte. Derfor meiner ein at 2 mnds.-fristen er grei, sjølv om dette er ein kort frist for å ta avgjer i ei viktig sak.

Bu- og driveplikt:

Lovreglar om bu- og driveplikt er viktige landbrukspolitiske verkemiddel. Ved at desse reglane framleis er heimla i Odelslova, meiner rådmannen at ordninga blir meir stabil, og ein lettare kan gradere vilkåra (slik som t.d. utvida plikt ved odelsløysing). Konsesjonslova er ei meir endringsutsett lov. Derfor vil ein tilrå at bu- og driveplikta framleis blir heimla i Odelslova, som no.

Andre forhold:

Det er positivt at Odelslova vert "strippa" for dei siste restane av kjønnsdiskriminering, og at sambuarar får sikra rettigheter. Dette er ei naturleg modernisering av lova.

På bakgrunn av desse vurderingane vil rådmannen rå til at Komitè for landbruk, teknikk og miljø gje kommunestyret slik

TILRÅDING :

Naustdal kommunestyre sluttar seg til dei vurderingar som er gjort i denne saka. Det er naudsynt med ei modernisering av odelsretten i samsvar med landbrukspolitiske mål og samfunnsutvikling. Lova må vidare tilpassast til anna lovverk, herunder ny Konesjonslov.

Kommunestyret meiner vidare at desse momenta bør leggjast til grunn ved utarbeiding av ny Odelslov:

- Odelsrettsinstituttet skal halde fram
- Arealgrensene for odelseigedom bør vere 30 daa dyrka mark / 500 daa skog.
- Bu- og driveplikta skal framleis vere heimla i Odelslova.
- Dei konkrete lovendingane som er sammanfatta i NOU 2003: 26, pkt. 2.2.2. vert gjennomførte.

HANDSAMING I KOMITE FOR LANDBRUK, TEKNIKK OG MILJØ**VEDTAK :**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

SAKSORDFØRAR: ARE EINEVOLL

HΑΝΔΣΑΜΙΝΓ Ι ΝΑΥΣΤΔΑΑ ΚΟΜΜΥΝΕΣΤΥΡΕ**VEDTAK :**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Rett utskrift.

Dato : 23.06.04
